Årsmøte i Ørsta idrettsråd

Torsdag 12. mai 2022 kl. 19.00

Stad: Klubbrom 1, Ørstahallen

Årsmøteprotokoll

1. Godkjenning av representantane i årsmøtet: alle representantane som deltok på årsmøtet vart godkjent. ØIR hadde 3 representantar, MRIK hadde 1 representant, Vartdal TIL hadde 2 representantar, HIL hadde 2 representantar, ØIL hadde 5 representantar, ÅIL hadde 1 representant og SKK hadde 1 representant. Til saman 15 røysteføre på årsmøtet. I tillegg møtte Kåre Sæter, leiar for idrettskretsen.

2. Val av møteleiar: Erlend Andersen vart foreslått og valt av årsmøtet til å leie møtet

3. Val av protokollførar: Siri Dahl Masdal vart foreslått og valt av årsmøtet til å skrive protokoll frå årsmøtet

4. Val av to representantar til å underskrive protokollen:

Sven Castberg og Øyvind Festø vart valt til å underskrive protokollen

5. Godkjenning av forretningsorden:

Forretningsorden for årsmøtet vart godkjent av årsmøtet utan merknader.

6. Godkjenning av innkalling: årsmøtet godkjente innkallinga.

7. Godkjenning av saklista: saklista vart godkjent av årsmøtet utan merknader

8. Behandle årsmeldinga for idrettsrådet:

Møteleiar gjekk gjennom årsmeldinga. Ekstra kommentar til denne er at Vartdal TIL også har hatt god aktivitet ved Vartdal skitrekk denne vinteren. Guttorm Øye frå Hovdebygda IL, hadde også et tillegg til årsmeldinga, med kort informasjon om auka aktivitet siste år, og ekstra godt oppmøte ved trimrenna for born på Bondalseidet. Ut over dette var det ingen kommentarar til årsmeldinga.

9. Behandling av:

a. Idrettsrådet sitt rekneskap for 2021:

Rekneskapen vart godkjent av årsmøtet utan merknader.

b. Styret sin økonomiske beretning: kort gjennomgang av postane i budsjettet ved leiar Erlend Andersen

c. kontrollutvalet si beretning:

Kontrollutvalet har mottatt, gjennomgått og godkjent alle relevante dokument. Dei kommenterer at vedtaket om å ikkje ha kontingent i 2021 burde medført at ein korrigerte budsjettet. Dei ynskjer også for ettertida å få referat frå ØIR fortløpande, og at desse vert sendt til Jon Helge Bjørndal.

10. Orientering om tildelingskriteria for Lokale aktivitetsmidlar (LAM) basert på Kulturdepartementet sine kriteria, NIFs krav og anbefalingar, samt lokale forhold:

Erlend Andersen gjekk gjennom fordelinga av LAM-midla, og korleis ØIR har fordelt desse til dei ulike medlemslaga. Ein del av potten vert fordelt på bakgrunn av medlemstal, og ein del vert fordelt etter styret sitt skjøn.

Minimumsutbetaling er på 1000 kroner, desse skulle i fjor fordelast i to omgangar. Bakgrunnen for dette var ei ekstrautbetaling i samband med korona.

Ekstra kommentar vart gitt til tildelinga til Ørsta Ride og køyreklubb, som har fått ekstra utbetaling av LAM-midlar, utifrå medlemstal, med bakgrunn i at dei etablerer eit kostbart anlegg. Generell oppmoding til laga om å ha god medlemskontroll, då dette påverkar tildelinga av LAM-midlar direkte.

Kåre Sæter kom med støtte til denne tildelingsmåten, og kommenterer at ein slik utøver lokal idrettspolitikk i tildelinga av LAM-midlar. Han legg vekt på at dette er ein treffsikker måte å få midlane dit dei trengs, og at ordninga generelt har synt seg å være veldig treffsikker.

ØIR inviterte til et samarbeidsmøte med medlemslaga i forkant av LAM-tildelinga i fjor, for å få informasjon om drifta av dei ulike medlemslaga, som bakgrunn for tildelinga. Ein planlegg også dette i forkant av tildelinga i haust. Viktig at medlemslaga deltek, og informerer om aktivitet og planar dei har.

11. Behandling av saker som går fram av godkjent sakliste:

a. Nye vedtekter:

Ny norm for vedtekter for Idrettsråd. Årsmøtefrist for Idrettsråd er i juni, for å få med dei siste medlemstala i medlemslaga. Merknad til samansetning av styret i ØIR, der ein for tida har ei minimumsløysing på samansetting av styret. Årsmøtet hadde ingen merknader til dette.

Kontrollutval: Kåre Sæter påpeikte på generelt grunnlag viktigheita av at medlemslaga er orientert om rolla til kontrollutvalet. Idrettskretsen arrangerer kurs ein kan melde seg på, for å få informasjon om rolla til kontrollutvalet for dei som ynskjer å lære meir om dette.

b. Rullering av handlingsprogrammet i kommunedelplanen:

ØIR har vore høyringsinstans, og har sett opp ei prioriteringsliste for anlegg, i samarbeid med Ingvild Endal i Ørsta kommune (som har tatt over for Jostein Mo). Spelemiddeltilskot vert fordelt til anlegg som står på lista, etter prioritering frå kommunen. Sæbø IL har også tre prosjekt som skal inn på lista, nytt garderobeanlegg, pumptrackanlegg og eit skateanlegg. Lista vert justert i tråd med dette. Lista over anlegg vert vanlegvis rullert kvart 4. år.

c. Uttale frå idrettsrådet vedrørande kommunal støtte:

Forslag til uttale frå årsmøtet til Ørsta kommune:

Etter to harde år for idretten er det no stor innsats for å kome i normal drift igjen. Vi treng all mogleg støtte i dette arbeidet. Kommunestyret har derimot vald å fjerne både kulturtilskot og støtte til idrettsanlegg i budsjettet for 2022. Og dette gjer dei attpåtil i frivilligåret der dei mange frivillige i idretten skal få ekstra positiv merksemd. Dette er mislukka symbol-politikk som kommunestyret må rette opp allereie i neste budsjett. Dei fleste idrettsanlegga i kommunen er i privat eige. Kommunen bør heller ta større ansvar for å oppretthalde det gode og varierte tilbodet i idretten.

Årsmøtet gav samrøystes tilslutning til denne uttalen.

Kåre Sæter frå Møre og Romsdal foreslo også at ØIR vender seg til kommunen og ber om at Ørsta kommune opprettar ein spelemiddelpool, slik som dei fleste andre kommunar i idrettskretsen har (85% av kommunane), der kommunen kan forskottere spelemidlar til lag som ventar på å få desse utbetalt. Dette vil lette arbeidet for idrettslaga med å få realisere nye anlegg.

Årsmøtet gav tilslutning til at ØIR sender ein uttale til Ørsta kommune der ein formidlar behovet for at kommunen opprettar ein spelemiddelpool, for forskottering av spelemidlar.

12. Budsjett ØIR:

Forslag om Kontingent for komande år: Kroner 200 pr lag, + 3 kroner pr medlem. Dette vil gi ein samla kontingent på ca 15000. Kontingent og budsjettet vart godkjent av årsmøtet utan merknader.

13. Val:

Valnemnda som består av Richard Olsen, ÅIL, Arnar Gjerløw Holen, SIL og Frode Viddal, HIL (vara), leverte innstilling og forslag til vedtak til årsmøtet i Ørsta Idrettsråd 12. mai 2022. Desse representantane vart samrøystes valt av årsmøtet:

Styret i ØIR

Leiar	Erlend Andersen, ØIL	Attval 1 år, på val i 2023
Nestleiar	Siri Dahl Masdal, VTIL	På val i 2023
Kasserar	Tone J. Hovdenakk, ØIL	Attval 2 år, på val i 2024
Styremedlem	Gaute Holen, Sæbø IL	Ny, 2022-2024
Styremedlem	Jostein Bjørdal, Åmdal IL	Ny, 2022-2024
1. Vara	Ingvild Øye, HIL	Attval 1 år, 2022–2023
2. Vara	Margrete H. Øyehaug ØRKK	Attval 1 år, 2022–2023

Kontrollutval

	Jon Helge Bjørndal, VTIL	Attval, 2022-2024
	Rita Myking, ÅIL	Attval, 2022-2024
Vara	Bente Ørsal, ØIL	Attval, 2022-2023

Hallstyret

Leiar	Patricio Medina, ØIL	2021-2023
	Sven Castberg, Ørsta IL	2022–2024
	Nina Hustad, Sæbø IL	2022–2024
	Rebecca Riise Bjerknes (Ørsta kommune)	
	Are Folkestad (Ørsta kommune)	
	Gunnar Knutsen (Ørsta kommune)	
Vara	Sindre Skurtveit, HIL	2022-2023

Valnemnd

Leiar:	Arnar Gjerløw Holen; SIL	2022-2023
	Øyvind Festø, Sunnmøre Klatreklubb	2022-2023
vara	Richard Olsen, ÅIL	2022-2023

14. Drøfting av om ein skal engasjere revisor til å revidere idrettsrådet sitt rekneskap: Leiar i ØIR Erlend Andersen kom med forslag om å ikkje bruke revisor, ettersom rekneskapen til ØIR er så liten. Årsmøtet gav tilslutning til dette.

Protokollførar: Siri Dahl Masdal, ØIR

Protokollen er godkjent og signert av

Sven Castberg, ØIL

Øyvind Festø, SSK



Signatur



Signatur